



Musikkens Venner Nordhordland (MVNH)

Årsmelding for 2015

Årsmøtet for driftsåret 2014 vart halde i Nordgardsløa 01.02.2015. Valnemda la fram forslag til val som vart samrøystes vedtatt.

- a) Val av leiar for 2 år.
Einar Vatne - attvald for 2 år.
- b) Val av 2 styremedlemer for 2 år.
Katrine Golten Tvedt – ny, Rune Brundtland - attval
Marie Morken og Jarle Hodnekvam – ikkje på val.
- c) Val av 3 varamedlemer for 1 år.
1. Inger Johanne Ektvedt, 2. Rolf Tande, 3. Inge Alver
- d) Val av revisor for 2 år.
Oddvar Sundsbø – attval, Klara Villanger - ikkje på val
- e) Val av valnemd for 2 år.
Kristine Fluge – ny, Dag-Tore Anfinsen - ikkje på val.

I styremøtet den 4. mars 2015 konstituerte styret seg som følgjer:

Leiar Einar Vatne, valgt på årsmøtet den 01.02.2015 for 2 år.

Nestleiar Katrine Golten Tvedt

Kasserar Jarle Hodnekvam

Sekretær Rune Brundtland

Styremedlem Marie Morken

Styret har hatt 7 møte og handsama 55 saker i året som gjekk.

Musikkens Venner Nordhordland har arrangert 7 konsertar.

Totalt antal besøkjande på konsertane i 2015 var 1361.

Arrangert tur til Festspelkonsert i Bekkjarvik med Lina Johnson og Audun Iversen.

Medlemstalet pr. 31.12.2015 var 73 familie- , 49 enkeltmedlemskap og 4 æresmedlemer.

Æresmedlemene Rune Alver, Gunnar Furubotten, Eilif B. Løtveit og Inger Johanne Ektvedt.

Dersom vi reknar 2 medlemer pr. familiemedlemskap, så har vi 194 medlemer totalt.

I mange tilfelle er det meir enn 2 medlemer pr. familiemedlemskap, så reelt har MVNH godt over 200 medlemer.

Leiar Einar Vatne og Kjersti Wiik var utsendingar til Landsmøtet for KLASSISK 19.-20.09.2015.

Æresmedlemskap i Musikkens Venner Nordhordland vart tildelt Inger Johanne Ektvedt på årsmøtet 01.02.2015



Leiar **Einar Vatne** og æresmedlem **Inger Johanne Ektvedt**

I si grunngeving la styreleiar Einar Vatne vekt på at

- Inger Johanne Ektvedt har vore svært aktiv i styret i MVNH i 9 år.
- Ho har i fleire år sete i styret i hovedorganisasjonen KLASSISK, som tidlegare heitte Musikkens Venner Landsforbund
- Og ikkje minst - det ho saman med mannen Roar Ektvedt har bidrege med til musikklivet i Nordhordland, der alle kommunane har fått flygel eller piano i gåve. Dette er av svært stor betydning for det musikalske livet i regionen.

Aktivitetar i 2015.

01.02.2015 **Konsert i to avdelingar.**

1. avd. **Jørn Skauge, piano og Zhala Aliyeva, cello.** Begge musikarane var Mastergradstudentar ved Grieg Akademiet
Ein fantastisk flott konsert til stor glede og begeistring for dei framømte.
2. avd. **The Norwegian Talk Slave Choir , Slavekoret, dir.Birgit Paulsen.**
Koret vart starta i 1990 av ansatte på Norwegian Talk på Sotra.
Koret leverte ein fengjande konsert med stor spennvidde i repertoaret, og fekk stor applaus frå publikum.

26.04.2015 **Jubileumskonsert i Nordgardsløa for Inger Johanne og Roar Ektvedt i høve 10års markering for flygel/pianogåva til Meland kommune.**

Medverkande Kjersti Wiik, Rune Alver, Katarzyna Julia Leikvoll, Øyvind Aase, Inger Johanne og Roar Ektvedt. Ordførar Nils Marton Ådland og leiar i MVNH Einar Vatne. Jubileumskonserten i Nordgardsløa vart svært vellukka. MVNH stod for det musikalske og Meland kommune stod for bevertning, levert av Sansetunet. Ordførar Nils Marton Ådland heldt takketale frå kommunen. Einar Vatne leia festen og takka for instrumentgåvene på vegne av Musikkens Venner. Både jubilantane og ca 40 inviterte gjestar gav uttrykk for at det var ei vellukka jubileumsfest. Gåva jubilantane fekk ved eit seinare høve var ei flott teikning av Inger Johanne og Roar ved eit flygel, laga av kunstnaren Håvard Giezendanner. Einar Vatne knytta takkens ord til gjevarane og peika på kor viktige desse instrumenta er for musikklivet i Nordhordland.

30.05.2015 Busstur til Festspelkonsert i Bekkjarvik og middag på Bekkjarvik Gjestgiveri.



Audun Iversen og Lina Johnson

Lina og Audun tok oss med inn i operaverda.

Dei fremførde populære operahits av komponistar som Verdi, Rossini og Mozart, og songer av blant andre Grieg. Undervegs fortalde dei to operastjernene uhøgtideleg om programmet.



Inge Halstensen tol vek i mot oss

31.05.2015 Konsert med Hardangerkoret i Knarvik kyrkje.

«Sommerlandet», musikkversjonen av Eyvind Skeie si bok med same namn. Eyvind Skeie har skrive tekstane, melodiane komponerte av Galib Mamedov og Tord Gustavson har arrangert verket for kor, solist og musikarar. Konserten med tema «sorg og sorgreaksjon», ei blanding av song, musikk og opplesing, gjorde sterkt inntrykk på tilhøyrarane. Fantastisk framføring av Hardangerkoret med Per Oddvar Hildre som dirigent og profesjonell opplesar av tekstane. Fullsett kyrkje.

Denne konserten var eit samarbeid mellom Hardangerkoret og MVNH.

02.09.2015 «Sommarkveld ved fjorden» på Lyngheisenteret.

Foredrag v/Oddgeir Bruaset, «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu».

Oddgeir Bruaset teikna eit godt bilete av personane Jon Skår frå Skåro ved Fykkesundfjorden, Bjørg Wiik på Kjeåsen og fleire andre.

På førehand var det annonsert foredrag v/Geirr Vetti. Han måtte melda avbud kort tid i førevegen, og Oddgeir Bruaset stillte på 1 veker varsel.

Tur på Lyngheiane. Konsert med koret Måltrastena frå Meland og eit godt måltid. Arrangementet, samarbeidsprosjekt mellom MVNH, Nordhordland turlag og KnarvikMila. Mange kjem attende år etter år til dette arrangementet.

03.09.2015 Konsert med songaren Helene Bøksle, akkompagnert av pianist Tove

Kragset på Nordhordland Folkehøgskule. «Vart og vakkert frå Helene Bøksle» skreiv Randi Bjørlo, Avisa Nordhordland. «Magisk» var uttrykk publikum brukte om konserten.

18.10.2015 Kikki & Gubbane, Kikki Eikaas Try, Arne Vigeland og Kjell A. Mydland.
 Disse tre musikanerane frå Sørlandet er alle medlemmer av Lindesnes trekkspillklubb, men har danna ei eigen gruppe. Dei heldt ein flott konsert på Nordhordland folkehøgskule, der mange av tilhengjarane til Lindesnes trekkspillklubb hadde møtt fram. Dei spelte og song populære melodiar frå 50- 60 og 70-åra og fekk publikum med seg i allsong.
 Tidlegare på søndag heldt dei gratis konsertar på Lindås Sjukeheim og på Meland sjukeheim. Konsertane var til stor glede for bebuarane.

20.11.2015 Konsert med Iver Kleive, orgel, og Knut Reiersrud, gitar, i Knarvik kyrkje.
 Denne konserten vart arrangert saman med Alversund sokneråd, i samband med at det nye orgelet var på plass i kyrkja. Konserten var godt annonsert og marknadsført. Kyrkja var fyllt til siste sitjeplass då konserten starta.
 Iver Kleive er ein av dei dyktigaste orgelmusikanerane i landet, kanskje den fremste. Knut Reiersrud er ein framifrå gitarist, med mange prisbelønningar
 Desse to musikanerane gjennomførte ein fantastisk konsert som tilhøyrarane seint vil gløyma. Iver kleive fekk og synt kva orgelbrus det nye instrumenetet er god for. Musikanerane gav og uttrykk for at dei var godt nøgde med akustikken i kyrkja. For MVNH var dette ein stor og mektig konsertavslutning for året 2015.

Økonomi. MVNH har god økonomi. Vi har ein stor medlemsmasse som gjennom medlemskontingenten gjev oss viktige inntekter til drifta. Vidare har laget m.a. fått kulturmidlar frå Lindås kommune kr. 10.000,- og Meland kommune kr.6.000,-. Innskudd i bank pr. 31.12.2015 kr. 195.215,-.

Facebook Informasjon frå MVNH kan du no finna ved å klikka deg inn på facebook.no , link: <https://www.facebook.com/MusikkensVennerNordhordland/?fref=ts>

Billetter til dei fleste konsertane vert lagt ut for sal på billettservice.no
 Fordelen med å kjøpa billetter her er at
 1) Du sikrar deg billetter 2) Du slepp å stå i billettkø.

Kortlesar MVNH har skaffa seg kortlesar, så no kan du nytta kortet ditt til billettkjøp.

Styret vonar at medlemene vil støtta godt opp om Musikkens Venner Nordhordland, slik at vi kan gjennomføra eit godt konsertprogram også i 2016.

Knarvik 11.01.2016

Einar Vatne

Marie Morken

for Katrine Tvedt

Inger Johanne Ektvedt

Jarle Hodnekvam

Rune Brundtland